



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 13.09.2016 kl. 16:30-18:20

Stad: Stongfjorden kapell

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	Ikkje til stades i sakene 43-46
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Halldis Rørvik	Medlem	Ikkje til stades i sakene 43-46
Aud Eldrid Frøholm	Medlem	
Ingvild Loftheim	Medlem	
Leif Jørgen Leknes	Medlem	Ikkje til stades i sakene 44-46
Else Stølen	Medlem	
Sissel Hege Igland	Varamedlem	
Knut Arne Kummeneje	Varamedlem	

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Terje Mork	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/40		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2016/41		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 16.06.2016	RUNE ZIENER
SR 2016/42		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2016/43		Offerliste hausten 2016	RUNE ZIENER
SR 2016/44		Følgjekortordning ved kulturarrangement i kyrkjene	RUNE ZIENER
FR 2016/45		Rehabilitering. Kvammen kapell. Vurdering av tilbud.	RUNE ZIENER

FR 2016/46		Budsjett 2017. Økonomiplan 2018-2020	RUNE ZIENER
------------	--	--------------------------------------	-------------

Før møtestart var det synfaring på Stongfjorden kapell og gravplass.

Askvoll, 13.09.2016

Rune Ziener
referent

SR 2016/40 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SR 2016/41 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 16.06.2016

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 16.06.2016 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 16.06.2016 som den ligg føre.

SR 2016/42 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar vart lagde fram i møtet:

M 2016/35 Tariffoppgjeret pr. 01.05.2016

M 2016/36 Lutherjubileet 2017. Korleis markere i Askvoll?

M 2016/37 Referat frå møte i Askvoll kyrkjelydsutval

M 2016/38 Riksantikvaren: Lyssetting ved Vilnes kyrkje (30.08.2016)

M 2016/39 Kulturdepartementet: Askvoll kommune - Holmedal kyrkjegard - søknad om oreigning av areal til sikring av Holmedal kyrkjegard (16.08.2016)

M 2016/40 Askvoll kommune v/advokat: Askvoll kommune - søknad om ekspropriasjon av grunn for sikring av gravplass (06.09.2016)

M 2016/41 Parkeringsplass ved Vilnes kyrkje. Kostnadsoverslag og planskisse.

M 2016/42 Dato for medarbeidarsamling i Askvoll kyrkje

M 2016/43 Invitasjon - Basecamp i Hyllestad 7.-9. oktober.

M 2016/44 Tilsyn på gravplassane
M 2016/45 Drøfting om Stongfjorden kapell

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

MØTEHANDSAMING

M 2016/44 utgjekk.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

SR 2016/43 Offerliste hausten 2016

UTGREIING

Det er vedteke offerlister t.o.m. august.

Gudstenestelistene er fullstendige t.o.m. november (t.o.m. ut desember for Bulandet kapell).

Kyrkjelydsutvala har meldt inn forslag til offerføremål (der dette er ført inn i tabellen nedanfor). Offerføremål med feit skrift er tidlegare vedteke.

Askvoll kyrkje	04.09.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Den evangelisk-lutherske kyrkje i Jordan og det heilage landet
Askvoll kyrkje	18.09.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	02.10.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	16.10.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Institutt for sjelesorg. Modum Bad
Askvoll kyrkje	30.10.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	13.11.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	Laurdagsklubben
Askvoll kyrkje	27.11.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	07.08.2016	15:00	Vanleg gudsteneste	Kirkens Bymisjon Bergen
Bulandet kapell	11.09.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Institutt for sjelesorg. Modum Bad
Bulandet kapell	30.10.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Bulandet kapell
Bulandet kapell	04.12.2016	18:00	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	24.12.2016	13:00	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	09.10.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	
Holmedal kyrkje	06.11.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	
Kvammen kapell	21.08.2016	11:00	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Kvammen kapell	02.10.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	
Kvammen kapell	30.10.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	
Kvammen kapell	20.11.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	
Stongfjorden kapell	18.09.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	Stongfjorden kapell
Vilnes kyrkje	18.09.2016	15:00	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet

Vilnes kyrkje	09.10.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	13.11.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet

Resterande forslag til offerføremål for hausten vil verte lagt fram i møtet.

INNSTILLING

Innstilling vil verte lagt fram i møtet etter forslag frå alle utvala er motteke.

MØTEHANDSAMING

Forslag som kom inn i møtet er innarbeidd i tabellen over.

Forslag til vedtk frå Rune Ziener sett fram i møtet:

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med innkomne forslag.
2. Der det pr. møtedato ikkje ligg føre innkomne forslag frå lokale kyrkjelydsutval (gjeld Kvammen og Holmedal), får vedkommande kyrjelydsutval fullmakt til å fastsetje offerføremål.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med innkomne forslag.
2. Der det pr. møtedato ikkje ligg føre innkomne forslag frå lokale kyrkjelydsutval (gjeld Kvammen og Holmedal), får vedkommande kyrjelydsutval fullmakt til å fastsetje offerføremål.

SR 2016/44 Følgjekortordning ved kulturarrangement i kyrkjene

UTGREIING

Kyrkerådet har i brev til bispedømmeråda oppmoda bispekontora om å spreie informasjon om ordning med følgjekort til dei lokale kyrkjelydane om å vurdere å innføre ordninga.

I Kirkeaktuelt 21.04.2015 skriv kyrkerådet:

«En person med funksjonsnedsettelse, som har behov for assistanse for å kunne gå på et offentlig arrangement, kan søke sin kommune om å få ledsagerbevis. Ordningen er ikke lovpålagt, men tilbys i dag i nesten alle landets kommuner.

Et ledsagerbevis gir den funksjonshemmede anledning til å ta med seg en ledsager uten ekstra kostnader på blant annet offentlige kultur- og fritidsarrangement der

ordningen aksepteres. Den funksjonshemmede må selv betale gjeldende inngangspris.

Det anbefales at alle menigheter ved kulturarrangement i kirken aksepterer ledsagerbevis når man selv står som ansvarlig arrangør og at man krever dette av ekstern aktør ved utleie.»

Vurdering:

For å bedre tilgangen til kulturarrangement i kyrkjene for personar med nedsett funksjonsevne, bør soknerådet innføre ordning med følgjekort i kyrkjene.

Ordninga bør også gjerast gjeldande ved utleige av kyrkjene til eksterne arrangørar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd aksepterer ordninga med følgjekort ved kulturarrangement i kyrkjene.
2. Ved utleige av kyrkje til kulturarrangement til eksterne arrangørar vert det oppmoda om at ordninga vert gjort gjeldande.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd aksepterer ordninga med følgjekort ved kulturarrangement i kyrkjene.
2. Ved utleige av kyrkje til kulturarrangement til eksterne arrangørar vert det oppmoda om at ordninga vert gjort gjeldande.

FR 2016/45 Rehabilitering. Kvammen kapell. Vurdering av tilbod.

UTGREIING

Det er gjennomført tilbodskonkurranse for rehabilitering av takkonstruksjonen på Kvammen kapell med tilbudsfrist 27. juni 2016. Ved fristens utsløp låg det ikkje føre noko tilbod.

I etterkant vart tre entreprenørar kontakta direkte, med spørsmål om dei kunne gje tilbod. Ny tilbudsfrist måtte også verte forlenga.

Ein har motteke eitt tilbod (frå Norgeshus, Naustdal Bygg AS).

Tilbudsestimatet ligg ca. kr 245.000,- (ekskl. MVA) over kostnadskalkyle/budsjett.

I tillegg må ein pårekne utgifter også til miljøsanering og ny glaskuppel. Entreprenøren sitt prisanslag på for dette arbeidet er pr. i dag ikkje kjent, men vil verte lagt fram i møtet.

Vurdering

Det er i utgangspunktet uheldig at det berre ligg føre eitt tilbod til eit prosjekt, då det derfor ikkje ligg nokon reell konkurranse til grunn.

Når ein allereie har gjennomført to tilbodsrundar på prosjektet, er det likevel lite som tyder på at ny tilbodskonkurranse vil ha nokon effekt.

Økonomi

Det er budsjettert med avsetning kr 270.000,- til ubunde investeringsfond med tanke på delfinansiering av pågåande investeringsprosjekt (sak FR 2016/14).

Om denne avsetninga nyttast på Kvammen kapell, vil ein ha tilgjengeleg ramme kr 2.291.000,- (ekskl. MVA) til anleggsarbeidet.

Om ein vel å akseptere tilbodet, treng ein ikkje justere investeringsbudsjettet no, men vente med vedtaket til budsjettvedtak 2017.

INNSTILLING

1. Tilråding vil verte lagt fram i møtet når kostnadsestimat på arbeidet med glaskuppel og miljøsanering ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Estimatet for tillegskostnad for miljøsanering og arbeid med glaskuppel var ikkje kjent før møtedagen. Dette estimatet på omkring kr 200.000,- vart lagt fram av Rune Ziener i møtet. Ein treng difor om lag kr 176.000,- ekstra midlar til prosjektet.

Forslag til vedtak sett fram i møtet av Rune Ziener:

1. I og med at totalt kostnadsestimat på prosjektet overskrir prosjektramme (med tillegg av ubunde kapitalfond), vert saka utsett til neste møte, då ein treng meir tid for å finne ei løysing for økonomisk dekning innanfor gjeldande rammer for 2016.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. I og med at totalt kostnadsestimat på prosjektet overskrir prosjektramme (med tillegg av ubunde kapitalfond), vert saka utsett til neste møte, då ein treng meir tid for å finne ei løysing for økonomisk dekning innanfor gjeldande rammer for 2016.

FR 2016/46 Budsjett 2017. Økonomiplan 2018-2020

UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriftene § 3, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til XX for innmelding av behov til Askvoll kommune.

I budsjetttrundskriv frå kommunen er det førebels lagt inn ei driftsløyving på kr 3,742 millionar (vidareføring av 2016-tilskot pluss kr 73.000,- i lønns- og prisvekst).

I tillegg ligg det inne i kommunen sin økonomiplan kr 1,1 millionar til innvendig rehabilitering av Kvammen kapell.

Planforslaget er ei vidareføring av driftsnivå som i dag i heile planperioden, men inneheld nokre endringar i investeringsprosjekt i forhold til tidlegare økonomiplanar.

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2017-2020

I økonomiplanforslaget for 2017-2020 er det gjort ein del endringar i forhold til tidlegare økonomiplan, og investeringsbehovet har auka samanlikna med førre år. Primært heng dette saman med utfordringar for prosjekt ved Vilnes kyrkje. I Askvoll kommune si vedtekne økonomiplan ligg det inne 1,1 millionar i investeringstilskot. Det er lagt inn kr 1,1 millionar til rehabilitering av sanitærrom og nytt golvdekke/varmesystem til Kvammen kapell i 2017.

Fordi ein ikkje fekk til å installere automatisk slokkeanlegg i Vilnes kyrkje som forutsett i budsjettet for 2016, står det att om lag kr 400.000,- i unytta tilskot.

Det vert søkt om omdisponering av desse midlane i tillegg til forventa 100.000,- unytta frå 2016 til utviding av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje.

Oversyn - behov for investeringstilskot frå Askvoll kommune (tal i NOK 1000). Tal ekskl. MVA.

PROSJEKT	2017	2018	2019	2020
Rehabilitering av sanitærrrom (universell utforming), golv og varme, Kvammen kapell Finansiering : Askvoll kommune:	<u>1100</u> -1100			
Vilnes kyrkje – utviding av parkeringsplass. Overført frå driftsbudsjett Unytta investeringstilskot 2016	<u>615</u> -115 -500			
Vilnes kyrkje – aut. slokkeanlegg og påbygg på sakristi Finansiering: Askvoll kommune		<u>2000</u> -2000		
Holmedal kyrkje –HC-tilkomst ved hovudinngang Finansiering: Askvoll kommune Eigenfinansiering:		<u>150</u> -120 - 30		
Holmedal kyrkje - Skifte kledning og overflatebehandling Finansiering: Askvoll kommune		<u>500</u> -500		
Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning Finansiering: Askvoll kommune			<u>-1080</u> -1080	
Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel Finansiering: Askvoll kommune Eigenfinansiering:			<u>870</u> -770 -100	
Askvoll kyrkje – Takreparasjon Finansiering: Askvoll kommune				<u>1500</u> -1500
SUM PR. ÅR INVESTERINGAR Investeringstilskot frå kommunen	<u>1715</u> <u>-1100</u>	<u>2650</u> <u>-2620</u>	<u>1950</u> <u>-1850</u>	<u>1500</u> <u>-1500</u>

PROSJEKTOMTALAR

2017:

Kvammen kapell – innvendig restaurering

Investeringane som vert gjort på kapellet i 2016 vil vonleg løyse dei mangeårige problema med vannlekkasjar inn i bygget. Som følgje av desse lekkasjane framstår bygget no i

svært dårleg forfatning innvendig. Det er også behov for fornying av varmesystemet, skifte av golvdekke og modernisering av sanitæranlegget ved hovudinngangen.

Tilrådde tiltak er ombygging av eksisterande to toalettrom til eit universelt utforma rom, skifte av golvdekke, installasjon av varmepumper samt overflatebehandling av diverse vegger innvendig.

Finansieringsbehov:

Kr 1,1 mill (100% kommunal finansiering). Ikkje kostnadsrekna.

Konsekvens ved manglande løyving:

Bygget vil framstå som i dårleg forfatning, då særleg sanitærromma og golvdekket. Problem ein har hatt med dårlege varmekablar vil verte forlenga.

Vilnes kyrkje – utviding av parkeringsplass

Det er tidlegare løyvd kr 120.000 til å utvide parkeringsplassen ved kyrkja.

Ein har ikkje fått til å tileigne seg eigna areal.

Det er no prosjektert utbygging av eit alternativt areal som totalt sett vil vere meir kostnadskrevjande enn realisering av opphavleg plan. Ny plan vil vere funksjonell når det gjeld planlagde endringar ved eksisterande reidskapshus og sakristidel.

Finansieringsbehov:

Kr 615.000,- (100% kommunal finansiering)

400.000,- er unytta midlar frå 2016 frå brannsikringsprosjekt på Vilnes kyrkje og 100.000,- er unytta midlar i same prosjektet.

115.000,- overført frå driftsbudsjettet.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein har ikkje nødvendig parkeringskapasitet ved Vilnes kyrkje.

2018

Vilnes kyrkje – automatisk slokkeanlegg og påbygg av sakristidel

Vilnes kyrkje står i ei særstilling i distriktet sett ut frå antikvariske omsyn. Det er derfor viktig å sikre bygget mellom anna mot brann. Pr. i dag er det ikkje tilfredsstillande brannsikring av Vilnes kyrkje, og det er heller ikkje tilfredsstillande tilgang til slokkemidlar. Det er tilrådd frå brannteknisk rådgjevar at det vert installert eit automatisk slokkeanlegg (vanntåkeanlegg) i kyrkja.

Under prosjekteringsarbeidet for slokkeanlegg vart det påvist at vanntilførselen inn til kyrkja ikkje er tilstrekkeleg for automatisk slokkeanlegg, og det er i dag heller ikkje tilstrekkeleg plass til teknisk løysing utan at ein misser nødvendig bruksareal.

Soknerådet ønskjer derfor å forlengje sakristilbygget med eit eige teknisk rom. I tillegg vil ein få på plass ein sanitærdel i tilbygget, då eksisterande sanitæranlegg ikkje er tilfredsstillande.

Hausten 2016 vert det gjennomført prosjektering av påbygg på sakristidelen og kostnadsrekning av dette.

Kostnadsestimat for slokkeanlegg er i underkant av kr 1 mill.

Finansieringsbehov:

Kr 2 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Vilnes kyrkje vil ikkje vere tilfredsstillande sikra mot brann.

Sanitæranlegg ved kyrkja er ikkje tilfredsstillande.

Holmedal kyrkje – HC-tilkomst ved hovudinngang

Det er heller tilfredsstillande tilkomst til kyrkjerommet for rullestolbrukarar m.v. Kyrkje hovudinngang eller sideinngangar har trappefri tilkomst. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Finansieringsbehov:

Kr 150.000,- (80% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Rullestolbrukarar m.v. vil ikkje ha den tilkomstmoglegheiten til kyrkjebygget dei har krav på etter regler om universell utforming.

Holmedal kyrkje – Utsifting av kledning og overflatebehandling

Noko av kledningen på Holmedal kyrkje har råteskader og bør skiftast ut, særleg gjeld dette ved inngangspartiet. Vidare framstår bygningen som dels malingsslitt og bør malast opp igjen.

Finansieringsbehov:

Kr 500.000,- (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Kyrkjebygget vil framstå som malingsslitt

2019:

Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning

I samband med prosjektering av utviding av Askvoll kyrkjegard er det planlagt ei ny driftsavdeling på nytt gravplassareal. På driftsavdelinga er det og planlagt driftsbygning med garasje og lagringsplass for diverse driftsmateriell. I tillegg er det planlagt santitærdel

og pauserom for å gi tilfredsstillande arbeidsforhold for dei tilsette på gravplassen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsrekning på prosjektet.

Finansieringsbehov:

Kr 1,08 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll kyrkjegard vil ikkje framstå som funksjonell m.o.t. driftsforhold sett opp mot dagens forventa standard.

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel

Kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje er 110 år gammalt og er i 2014 vurdert av orgelbyggjar. I tilstandsvurderinga vert det sagt at orgelet er av slik handtverksmessig kvalitet at det er verdt å ta vare på. Tilstanden generelt er sagt å være «relativt ok», men vert vidare vurdert å vere «begrenset brukbart». Det er trong for diverse reparasjonar for å få orgelet funksjonelt, men det er tilrådd ei større restaurering. Ein har fått tilbod både på reparasjon (utbetring av dagens feil) og ei full restaurering med driftsgaranti for 10 år, som gir eit driftssikkert orgel for framtida.

Det er ikkje føreteke prisjusteringar i oppsettet etter tilboda vart motteke i 2014.

Finansieringsbehov:

Alt. 1: Reparasjon; Kr 270.000,- (63% kommunal finansiering)

Alt. 2: Full restaurering; Kr 870.000,- (89% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ikkje funksjonell orgelløysing.

2020:

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjetak

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innfor ein tiårsperiode føreteke restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Finansieringsbehov:

Kr 1,5 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

Konsekvens ved manglande løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen.

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

I planforslaget er det lagt opp vidareføring av dei to hovudsatsingane frå tidlegare, der ein:

- Opprettheld 20% auka stillingsdel for å arbeide med oppdatering av gravregister
- Opprettheld om lag kr 100.000,- til ekstra vedlikehaldsinnsats på gravplassane

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

1.1.0 Utgifter

1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra driftsnivå frå 2016.

Driftsprosjekt - kartlegging av gravfestarar og reetablering av utløpte festeavtalar.

I tillegg er lagt inn ei vidareføring av mellombels administrasjonsressurs på 20% gjennom heile året for å arbeide med kartlegging av festarar og etablering av nye festeavtalar, i og med at ein har eit etterslep på dette arbeidet fleire år tilbake i tid. Auka festeinntekter er lagt inn som finansiering av dette prosjektet med kostnad kr 110000,-.

Det er også lagt inn kr 25.000,- for ekstrahjelp på gravplassane.

Dette arbeidet er viktig å halde fram med, fordi ytterlegare etterslep vil gi forsterke framtidig inntektsbortfall samt gjere gravplassforvaltinga meir komplisert.

Samla budsjettert utgift lønn og sosiale utgifter for 2017 er kr 2.689.700,- (auke med kr 56.000,- frå justert budsjett 2016). Her er kostnad ved tariffoppgjeret 2016 og mellomoppgjøret 2017 lagt inn.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, m.v. utgjør i forslaget kr 945.000,-, som er vidareføring frå budsjett 2016 med tillegg av 2,5% i prisvekst.

I tillegg er lagt inn kr 75.000,- til vedlikehaldsavtale for plenvedlikehald på gravplassane. Auken er finansiert med reduksjon i vedlikehalds- og utviklingsplan.

Det er føreslege brukt kr 200.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2016.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.220.000,-

VU-plan 2017

Tiltak	Stip. utgift
Innkøyrsløse Gjelsvik gravplass	75.000
Nytt gjerde Stongfjorden gravplass	25.000
Destruksjon gamle gravminne	30.000
Komfyr til Kvammen kapell	20.000
Uføresett vedlikehald	50.000
<u>Totalt</u>	<u>200.000</u>

1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapan med kr 10.000,- til kapitalinnskott, KLP og 115.000,- til utviding av parkeringsplass ved Vilnes kyrkje.
- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.
- Driftsmargin, kr 30.300,- er føreslege avsett til disposisjonsfond.

Totalt kr 235.300,-

1.2.0 Inntekter**1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festeavtalar. Det er registrert ca. 140 festeavtalar i 2016, med tilbod om fornying i 2017, men arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2016 er i forslaget sett til ca. 100 stk. og det er då rekna inn reetablering av om lag 100 tidlegare utløpte festeavtalar. Samla stipulat for festeavgift i 2017 vert sett til kr 190.000,- (vidareføring av budsjettsum frå 2016).

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 205.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringar

Refusjon frå Askvoll kulturskule for utleige av muskar, stipulert kr 163.000,-.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum frå kommunen med 2% (kr 73.000,-) auke frå 2016, kr 3.742.000,-

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåve og offerinntekter til kyrkjene.

HOVUDOPPSETT FORVALTNING

Utgifter					
Lønn og sosiale utgifter	2689700				
Kjøp av varer og tenester	1220000				
Refusjonar og overføringar	205000				
Sum utgifter	4114700				
Inntekter					
Brukarbetaling, sal, avgifter	-205000				
Rammetilskot, eigen kommune	-3742000				
Andre tilskot og gåver	-183000				
Sum inntekter	-4130000				
Differanse (til disposisjonsfond)	-15300				

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

2.1 Teneste 04400: Anna kyrkjeleg verksemd

Under dette delkapitlet ligg det budsjettpostar knytt til andre kyrkjelydsaktivitetar, t.d. medarbeidarfest, kyrkjekaffi, kyrkjemusikk etc., samt ofringar og innsamlingar til eksterne mottakarar. Ofringar til eksterne mottakarar og innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp ligg med kalkulatorisk effekt og vil ikkje påverke driftsresultatet.

TENESTE 04400 Anna kyrkjeleg verksemd	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	20000
Overføring av ofringar og innsamla midlar	90000
Kirkens Nødhjelp	50000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-20000
Offer/innsamla til andre	-90000

Kirkens Nødhjelp	-50000
Differanse	0

2.2. Teneste 04432: Trusopplæring

Tenesta er budsjettert saldert med bruk av bunde fond, kr 11.300,-

TENESTE 04432 Trusopplæring	Beløp
Lønn og sosiale utgifter	264800
Forbruksmateriell, utstyr og tenester	15000
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	59000
Tilstellingar	1500
Opplæring, kurs	5000
Transport	8500
Forsikringar	2000
Betaling frå deltakarar	-38000
Tilskot frå staten	-305000
Bruk av bunde fond	-11300
Differanse	0

2.3 Teneste 04479: Kyrkjeblad

Trykkekostnader for kyrkjebladet bør finansierast ved annonsesal og bladpengar/gåver. I samsvar med vedtak SR 2016/13 i soknerådet er det føreslege tre utgåver også i 2017.

TENESTE 04479 Kyrkjeblad	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	69000
Post, bank, telefoni og datalinjer	6000
Sal av varer og tenester	-59000
Kyrkjeofringar	-16000
Differanse	0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Ein ber såleis Askvoll kommune om kr 1,1 millionar i investeringstilskot og kr 3.742.000,- i driftstilskot for 2017.
3. Vidare ber ein om eit møte med Askvoll kommune for å drøfte økonomiplanen før kommunalt vedtak.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Ein ber såleis Askvoll kommune om kr 1,1 millionar i investeringstilskot og kr 3.742.000,- i driftstilskot for 2017.
3. Vidare ber ein om eit møte med Askvoll kommune for å drøfte økonomiplanen før kommunalt vedtak.